

Referat KFU-møte

13.01.2021 – 19:00 – 21:00

Stad: Skype

Oppmøte

Ørjan Stubhaug	Jan Morten Dvergsdal	Sølvi Catrin Berg Hestvik
Åge Ansgar Stafsnes	Jarle Øen	Terje Sekse Horne
Roger Eide	Jeaneth Rosnes	Tone Støylen Holgersson
Espen Haukedal	Linda Storøy	Trine Vallestad
Gunvor Solvik	Olaug Anette Fauske	Øyvind Johan Korsøen
Ingunn Rørvik	Robert Frøysland	
Ingvil Øvrebø	Steinar Kleppe	

Sak 1 – Informasjon frå Skulesjef Åge Stafsnes

Fornya COVID 19-tiltak i skulen

Raudt nivå, noko som kom overraskande på oss. Lite smittetrykk her i Sunnfjord, og hittil har dei justert i henhold til smittetrykket i dei einssilde kommunane. Åge skryter over at lærarane og rektorane greidde å omstille seg i løpet av ein dag. God beredskapsplan i bunnen.

I skulen går det bra med tiltaka, men enkelte elevar merkar dei er satt i andre grupper. Nokon skular har heimeskule grunna plassmangel. Vi ser fram mot nye retningslinjer frå regjeringa.

Utfordringar med avstand. Til transport er det ikkje like strenge reglar for avstand, dette skapar usikkerheit mtp. kva ein skal forholde seg til.

Statsforvaltaren (fylkesmannen) skal ha dialog med transportselskapa om retningslinjer rundt transport. For eksempel korleis dei skal auke kapasiteten.

Plan for skulane

Proessen skal avsluttast no i januar. Utvalgsmøte og formannskapsmøte 27. januar. Kommunestyret den 28. januar. Då skal planen behandlast.

Det skal være møte på dei planlagt nedlagte skulane så dei lokale får møte politikarane.

Åge har snakka med kommuneoverlege Furnes. Det kan i utgangspunktet berre være 10 stykk samla, og då er det i utgangspunktet ikkje plass til nok politikarar eing gang. Kinosalen er stengt ned, og digitalt er ikkje den riktige løysinga for eit slikt formål. Grendahusa og kommunale bygg er for augonblinken stengt ned for utleige.

Karstad skule 20., Frøysland 21. og Vevring 25. januar. Så får lokalbefolkninga møte politikarane.

Forblir det like strengt etter 19. januar må nok møtet holdast digitalt.

Fagfornyinga går sin gang.

Åge vil ha fokus på kompetanse for lærarar og leiinga på skulane. Skal bruke våren til å legge vegen vidare for fagfornyinga.

Fokus på læremiddel. No er det ikkje nødvendigvis ei lærebok å forholde seg til, men ein kombinasjon mellom bøker, internett og andre læremiddel.

Må kjøpe inn ein del utstyr og læremiddel, men ein del av dei lærebøkene dei har kan brukast vidare.

Digitalisering av skulen. Rigge skulen med hjelpemiddel. I mars skal 3. og 4. trinn få utlevert PCar.

Viktigaste vil være kompetanse, og korleis dei kan bruke det digitale på den beste måten. Ikkje berre ha fokus på at datamaskiner skal være der for å være der, men faktisk være eit godt verktøy. Korleis er det rett å bruke.

Tre hallar skal åpnast i løpet av våren. Halbrend, Vassenden og Skei. Halbrend og Vassenden har direkte tilknytning til skulane og skal kunne bruke til kroppøving.

Skuleturar og leirskular. Ei gruppe som skal jobbe med dette. Lovfesta at elevane har rett på eit leirskuleopphald i løpet av skuletida. Dette må konkretiserast.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Sikre elevane sine rettigheter og at det er likhet for alle skulane.

Skulane får «Den kulturelle skulesekken». Midlar for utvikling av det kulturelle i skulane. Skal fange opp heile kommunen. At alle elevar får eit besøk på for eksempel Astruptunet, Gaular, Naustdal osv.

Skulane melder inn til Åge kva som er viktig å ha fokus på, og tiltak over 100.000,- som dei meiner er viktig og som skal finansierast. Frist er 15. april. Då får kommunen rigga mot kommuneplanen.

Sak 2 – FAU/SMU/SU. Organisering og korleis det blir organisert hos dei ulike skulane

Førde Barneskule følte seg dårleg organiserte, og dei visste ikkje kva for saker dei skulle ta for seg. Dei har brukt ein del tid på å organisere seg, og brukt FUG mykje. Her har det stått mykje. Dei har delt FAU inn i tre grupper slik at ikkje alle i FAU skal jobbe med alt. Dei føler dei får jobba mykje betre når dei får jobba slik.

Veit alle FAU på alle skulane kor dei har lov, skal og har rett til å være med? Oppfordre til å dele erfaringar.

Viktig at FAU får overordna informasjon, det oppfordrast til å lese det som trengs på www.fug.no:

Fug:

[Tips og råd til godt arbeid i råd og utvalg - FUG - Foreldreutvalget for grunnopplæringen](#)

Opplæringslova, kap 11, Organ for brukarmedverknad i skulen , § 11-1:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_13

Åge informerer om at det er egne retningslinjer i Sunnfjord kommune som skal være kjent for alle rektorar. Her skal organiseringa av FAU, SU og SMU være klar og tydeleg. Åge skal ta ei ny runde på dette for å sikre at alle rektorane følger strukturen.

Opplæringslova kapittel 11 definerar kva rettigheter FAU/SU/SMU har i høve saker.

Roger Eide oppfordrar til å la elevrådet få eigarskap i mange saker som FAU/SMU/SU jobbar med. Elevar tek det ofte til seg betre dersom det faktisk er elevar som fører sakene.

Innspel frå Jarle Øen: Krav om at det skal være X antall møter i SU og SMU i løpet av et år, med moglegheit til å utvide. Kunne vi ha blitt einige i Sunnfjord kommune om at møter skal leggast innan same veke i heile kommune (men dagen kan være fri)?

Åge: Utfordringa med dette er at skulane har ulike årshjul, og det kan difor bli utfordrande frå kommunen si side å pålegge noko slikt, men at KFU kanskje kan legge opp til veker der dei oppfordrar skulane å ha møter i FAU/SMU/SU. Åge kan diskutere det på rektormøtet, men det virkar ikkje særleg sannsynleg at det blir forankra veker for alle skulane.

Forslag om at Rektor (skulen) på foreldremøta kan informere om kva FAU, SU og SMU er for noko og kva for roller dei ulike organa har. Veldig viktig å få foreldre som faktisk veit kva det vil sei å inneha desse verva, samt engasjere til auka medverknad og at fleire ynskjer å stille til verv.

Sak 3 – Symjeundervisning har blitt mykje redusert til tross for ledig kapasitet

Blir det vurdert meir symjeundervisning?

Det må være eit minimum for å tilfredsstillе krava frå myndighetene. Symjing er ikkje eit eige fag, men ein del av faget kroppøving. Dersom elevane skal transporterast langt er det vurdert til at dette tek for mykje av total undervisningstid.

Dersom symjeanlegg blir ståande ubrukt på enkelte skular er dei fri til å benytte seg meir av tilbodet.

Det blir argumentert med at fleire skular har lenger reiseveg til sin faste symjestad enn for Førde-elevar å reise til for eksempel Sande.

Er det tal for kor flinke 4.klassingane i Sunnfjord kommune er til å symje? Åge har ikkje statistikk (og meiner det ikkje finst) for dette i Sunnfjord kommune. Skulane har dette i læreplanane, og elevane blir vurdert i henhold til krav som er satt av Noregs Symjeforbund.

Fronte saka politisk i høve kapasitet/behov/status og plan for symjehallane.

Symjeundervisning er viktig fordi barn (og voksne) kan drukne uten denne kompetansen. Det er også i «naturlige» forhold folk druknar – ikkje i badebasseng. Kommunen bør vurdere et opplegg der elevane får drive utesymjing under kyndig opplæring og i trygge former, samt gjerne vinterbading. Gjerne med klede. Trene livberging i vasstilhøve som krev at ein faktisk har rette kunnskapen og treninga.

Det vil kanskje være meir utfordrande for lærarane å halde oversikta i ein symjesituasjon i sjø/vatn. For utesymjing skal det være same antal lærar (15) per barn, og det skal være oppmerka områder der elevane skal være.

Ingen skular brukar terapibassenget til symjeundervisning. Åge påpeiker at også barnehagane har symjeundervisning, og dei bruker ofte terapibassenget.

Kombinere «naturleg symjing» med livredningskurset?

I Fagfornyinga 2020 har det kome kompetansemål i symjing, sjølvberging og livredning. I tillegg for fyrste gong presisert at opplæringa skal føregå utandørs. Ny fagbok for å bidra til å auke aktiviteten og å heve kompetansen i utandørs symje- og livredningsopplæring:

[Utendørs svømme- og livredningsopplæring \(universitetsforlaget.no\)](https://www.uit.no/utendørs-svømme-og-livredningsopplæring)

Åge diskuterar denne saken med rektor i rektormøta. Åge oppfordrar også FAU til å jobbe for saken, for det er sannsynlegvis mange foreldre som vil kvi seg på at barna symjer ute.

Sak 4 – Ymse

FAU har mista inntekter no når 17. mai-arrangement har blitt avlyst. Dersom FAU har eit organisasjonsnummer kan dei søke om noko pengar frå staten. Fristen for å søke for 17. mai i fjor er 15. januar. Oppfordrast til å registrere FAU på frivillighetsregisteret. Då kan dei søke slike ordningar og få grasrotmidlar.

Merknad: Det har i ettertid av møtet dukka opp kommentarar om at FAU ikkje kan stå i frivillighetsregisteret. Dette har referent undersøkt opp i, og kan bekrefte basert på [Vedtak i Frivillighetsregisternemda 29.november 2017](#).